



VINDAFJORD KOMMUNE



TENESTESTANDARD 2020

TILDELINGSKRITERIER OG TENESTENIVÅ FOR HELSE OG OMSORGSTENESTER



Del 1 Generell del	3
1.1 Utarbeiding og oppfølging av tenestestandard	3
1.2 Lovgrunnlag	4
1.3 Målsetting for helse- og omsorgstenesta	5
1.4 Omsorgstrappa	5
1.5 Kvardagsmeistring og brukarmedverknad	6
1.6 Velferdsteknologi	6
1.7 Organisering av helse og omsorg	7
1.8 Tenestekontoret sitt arbeid	8
1.9 Kartlegging og innhenting av saksopplysningar	10
Del 2 Tildelingskriterier og tenestenivå	11
2.1 Matombringing	12
2.2 Trygghetsalarm	13
2.3 Støttekontakt	14
2.4 Avlastning for barn og unge	15
2.5 Psykisk helseteneste og ruskonsulent	16
2.6 Dagsenter for psykisk helse	17
2.7 Dagsenter for eldre	18
2.8 Dagsenter for heimebuande personar med demens	19
2.9 Vindafjord arbeid- og aktivitetssenter, Gnisten	20
2.10 Miljøarbeid i heimen	21
2.11 Praktisk bistand heimehjelp	22
2.12 Fysioterapitenesta	23
2.13 Ergoterapitenesta	24
2.14 Kvardagsrehabilitering	25
2.15 Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)	26
2.16 Avlastningstiltak for vaksne og eldre	28
2.17 Korttid-/rehabiliteringsopphold på sjukeheim	29
2.18 Langtidsopphald sjukeheim	31
2.19 Bufellesskap med heildøgnsbemanning	32
2.20 Omsorgsbustad ved Vindafjordtunet	33
2.21 Midlertidig omsorgsbustad	34
2.22 Kommunale bustader	35
2.23 Omsorgsstønad	36
2.24 Brukarstyrt personleg assistanse	37
2.25 Koordinator og ansvarsgrupper	38
2.26 Kreftkoordinator	39
2.27 Individuell plan	40
2.28 Andre relevante tenester	41



DEL 1 GENERELL DEL

1.1 UTARBEIDING OG OPPFØLGING AV TENESTESTANDARD

BAKGRUNN FOR DETTE DOKUMENTET

Prioriteringa til kommunen er stramare enn før, og innbyggjerane treng føreseielege tenestetilbod. Serviceerklæringa frå 2011 er informativ, men beskriv lite av mangfaldet i helse- og omsorgstenestene og stiller lite krav eller forventingar til tenestemottakar.

Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vedteke av kommunestyret 18. desember 2018 har ei rekke tiltak, punkt 6.3.3.5 «Gjennomgang av tenestestandardar og vedtak i tenesta» skulle gjennomførast i løpet av 2020.


FØREMÅL

Dokumentet er først og fremst eit arbeidsverktøy der avgrensingar opp mot kven kommunen meiner skal ta i mot tenester kan gjere både tildeling og tenesteyting meir presis og effektiv, samt gi eit overblikk på ressursutnytting og tenestenivå. I tillegg kan dei ulike tenestene få auka kunnskap om kvarandre som legg til rette for eit betre tverrfaglig samarbeid.

Dokumentet skal vera offentleg og publiserast på Vindafjord kommune sine nettsider slik at også innbyggjerane kan finne informasjon om innhald og intensjon for tenestene.

PROSESS FOR UTARBEIDING OG EVALUERING

Prosess for utarbeiding er inspirert av PDCA-hjulet. Dei ulike delprosessane er beskrivne her i eigen illustrasjon. Ved evaluering startar ein prosessen på ny, men då vert den mindre tidkrevjande. Tildelingskriteriene skal evaluerast og reviderast årleg.





OPPFØLGING OG ANSVAR

- Einingsleierar, avdelingsleierar og fagansvarlige har ansvar for at tenestestandard blir forankra i sine einingar.
- Alle tilsette har ansvar for å sette seg inn tenestestandard relevant for si teneste og forholde seg til desse i sitt arbeid.
- Tenestekontoret har ansvar for at tildelingskriteriene blir brukt i saksbehandling og tildeling.
- Dialog og refleksjon i samband med saksbehandling og tenestetildeling skal også vurderast opp i mot tenestenivå og omsorgstrappa.
- Kommunsjef helse- og omsorg skal initiere årlig evaluering og sikre prosess fram mot publisering av reviderte tildelingskriterier og tenestenivå.
- Kommunsjef helse- og omsorg har hovudansvar for at ein planlegg ny tenestestandard i høve til dei økonomiske rammevilkåra

1.2 LOVGRUNNLAG

Den kommunale helse- og omsorgstenesta er underlagt ei rekke lover og forskrifter. Dei mest sentrale er:

Pasient- og brukerrettighetsloven gir pasient og bruker rett til naudsynte helse- og omsorgstenester samt rett til medvirkning og eit verdig tenestetilbod.

Helse- og omsorgstenesteloven gir kommunen plikt til å yte helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen

Helsepersonelloven skal bidra til sikkerheit for pasienter og kvalitet i helse- og omsorgstenesta

Folkehelseloven styrker kommunene sitt ansvar for førebygging og helsefremjande arbeid i alle samfunnssektorer.

Forvaltningsloven regulerer forvaltningen og gjeld for saksbehandling til dei tenester kor det fattas vedtak.

Offentlegloven regulerer kva dokument som skal være offentlig slik at offentlig verksemd er mest mogleg åpen og gjennomsiktig.

Lokal forskrift om tildeling av helse- og omsorgstenester og langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad

Kvart tenestekapittel nemner aktuelle lovheimlar, og desse vert også gjengitt i alle vedtak.



1.3 MÅLSETTING FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTA

Målet er at kommunen sine innbyggjarar skal få forsvarlig og nødvendig helsehjelp!

Helse- og omsorgstenesta er pålagt forsvarlig fordeling av ressursene, der tilgjengelig kompetanse skal nyttas til dei som treng det mest. Det er derfor også ei målsetting for kommunen at rett teneste blir gitt til rett tid, jamfør omsorgstrappa.

Kommunen ynskjer å legge til rette for at alle kan få bu heime så lenge som mogleg.

Ved tildeling av tenester skal ein ta utgangspunkt i søkjarens eigne føresetnadar og kartlagt hjelpebehov. Forutan tenestemottakar sin medverknad er pårørande er ein viktig ressurs og samarbeidspart som kommunen ynskjer skal vere ein del av kartlegginga.


1.4 OMSORGSTRAPPA

Omsorgstrappa illustrerer korleis kommunen ynskjer ei trinnvis auke i tenestenivå for tenestemottakar med endring i funksjonsnivå.

Ved tildeling av tenester skal ein alltid ha prøvd ut eller kartlagt moglegheita for å dekke behovet på eit lågare omsorgsnivå.

Ikkje alle tenester er nemnt i omsorgstrappa, og det er heller ikkje slik at tenester er låst til berre eitt nivå. Fysio-/ergoterapi til dømes kan være aktuelt på alle nivå.

Omsorgstrappa er bygd etter BEON prinsippet (Beste Effektive Omsorgs Nivå) og er forankra politisk og administrativt i Vindafjord kommune si serviceerklæring.





1.5 KVARDAGSMEISTRING OG BRUKARMEDVERKNAD

Kvardagsmestring tek utgangspunkt i all aktivitet i dagleglivet, uavhengig funksjonsnivå, og korleis tenesta skal gå fram for å hjelpe den enkelte å sjølv meistre eigen kvardag. Med utgangspunkt i tenestemottakar sine ynskjer og behov skal ein etter faglig vurdering tilpasse tenesta og syte for måloppnåing som stimulerer til meistring av eige liv. Kvardagsmestring som ideologi og spørsmålet «Kva er viktig for deg» skal være tenesteområdet si felles tilnærming til tenestemottakar.

Aktivitetshjulet illustrerer viktige områder ein kan reflektere over for å identifisere utfordringar og setje mål i samarbeid med tenestemottakar.



Brukarmedverknad er ein naturleg del av tenestetilbodet, og samarbeid med tenestemottakar er lovpålagt i både helse- og omsorgstenestselova og pasient- og brukarrettighetsloven

1.6 VELFERDSTEKNOLOGI

Dei siste åra har fokuset på teknologi også blitt stadig meir aktuelt og relevant i helse- og omsorgstenesta, og omgrepet mange bruker er; velferdsteknologi.

Velferdsteknologiske tiltak er først og fremst teknologisk assistanse, som skal understøtta og forsterka tryggleik og mobilitet samt muliggjøre auka fysisk og kulturell aktivitet.

Velferdsteknologi er ikkje lovpålagt, og heller ikkje eit eige tenestetilbod, men ein får individuell vurdering og vedtak om tiltak som inngår i heimetenesta.

Kommunen kan ved hjelp av velferdsteknologi legge til rette for ei betre utnytting av ressursane, betre personvern og auka brukarmedverknad.

Avstandsoppfølging og automatiske registreringar kan effektivisere arbeid som i dag er både tidkrevjande og til dels invaderande ettersom tenesteutøvar må fysisk oppsøke kvar enkelt. Dagens organisering av tenesteytinga gjer at brukarane får mange ulike personar inn i heimen sin samstundes som dei må forholde seg til fastsette, og tidvis også utføreseielege tider styrt av andre.

Vindafjord kommune er del av eit regionalt samarbeid på Haugalandet, og er med dette underlagt ein prosess som legg føringar for vidare framdrift på området. I dag har kommunen si heimeteneste tilbod om tiltakstypene;

Trygghetsalarm med eigen utløysar som brukar sjølv må trykke på. Alarmen blir svara på av eit responscenter som vidareformidlar kontakt med rett instans. Etter ny anskaffing i det regionale samarbeidet vil ein legge til rette for bruk av ulike sensorar som automatisk utløysar alarm.

Elektronisk medisineringsstøtte i form av dosetten Pilly og multidosedispenseren Medido som varslar brukar når medisinen skal takast, og melder avvik automatisk tilbake til tenesteytar.



1.7 ORGANISERING AV HELSE OG OMSORG

Helse- og omsorgstenesta i Vindafjord kommune er eit eige rammeområde leia av **Kommunalsjef helse- og omsorg**. Området er organisert i ulike einingar som i all hovudsak har kvar si målgruppe tenestemottakarar;

Helse har ansvar for kommunen sine legekontor, legevakt, helsestasjon, familieteam og fysio-/ergoterapitenesta. Målgruppa til helse er alle innbyggjarar med behov for undersøking, kontroll, førebyggjande og medisinsk behandling.

NAV har ansvar for sosialtenesta, men følgjer opp mange av dei same brukarane som også treng helse- og omsorgstenester. Medvirkning til å skaffe bustad til vanskelegstilte og utarbeiding av individuell plan er likelydande oppgåver for både NAV og helse- og omsorg, men dei er basert på kvar sitt lovverk og ulik praksis. Målgruppa til NAV er innbyggjarar som har behov for økonomisk stønad eller andre hjelpetiltak som kan medverke til likeverd og sysselsetting.

Vindafjordtunet ligg i Nedre Vats. Målgruppa for Vindafjordtunet er eldre med behov for heildøgnsomsorg. Omsorgssenteret har to avdelingar for personar med demens og ei langtidsavdeling for somatisk sjuke. Forutan dei 52 institusjonsplassene er der også 25 kommunale omsorgsbustadar for eldre, derav to for midlertidige opphald. Dagsenter for eldre og heimebuande med demens har lokaler på Vindafjordtunet. Kreftkoordinatorane, Hukommelsesteamet og Heimetenesta for Ytre Sone har også sine kontor ved Vindafjordtunet

Heimetenesta er delt i to soner, Ytre Sone gir tenester til bygdene Vikebygd, Skjold og Vats inkludert omsorgsbustadane på Vindafjordtunet. Indre sone gir tenester til Bjoa, Ølensvåg, Ølen, Sandeid, Vikedal og Imsland. Målgruppa er heimebuande med behov for helse- og omsorgstenester.

Ølen Omsorgssenter har hovudkontor for heimetenesta til Indre Sone. Omsorgssenteret har også korttid- og rehabiliteringsavdeling med 14 plasser og ei langtidsavdeling med 16 plasser. Målgruppa er pasientar med somatisk sjukdom og omfattande behov for helse- og omsorgstenester. Forutan dei 30 institusjonsplassane er der også 2 midlertidige omsorgsbustadar og hovudkontor for dagsenter for eldre heimebuande. Kommunen sitt hovudkjøkken for institusjon ligg også her.

Tilrettelagde tenester gir tenester til heimebuande i eigen bustad eller bufellesskap. Målgruppa for tilrettelagde tenester er personar med psykisk utvikling- og/eller funksjonshemming. Eininga driv også aktivitetshuset Gnisten i Sandeid. Kommunen har tre bufellesskap; Sandeidtun og Bufellesskapet i Sandeid, samt Seljebakken i Ølen.

Rus og psykiatri gir tenester til heimebuande i eigen bustad eller bufellesskap, samt innsatte i fengsel. Målgruppa for rus og psykiatri er personar med psykisk sjukdom og eventuell rusproblematikk. Eininga har eige dagtilbod i Sandeid, og kommunen har eit bufellesskap; Hauatun i Ølen.

Tenestekontoret har delegert vedtaksmynde og saksbehandling i tildelinga av helse- og omsorgstenester som vert utført av Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Tilrettelagde tenester, Psykiatri og rus. Tenestekontoret har difor kontakt med alle pasient- og brukargrupper. Rolla som **koordinerande eining** er også lagt til Tenestekontoret.



1.8 TENESTEKONTORET SITT ARBEID

Tenestekontoret har delegert samla vedtaksmynde for tildeling av helse- og omsorgstenester som vert utført av Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Tilrettelagde tenester, Helse, Psykiatri og rus. Kriterier og tenestenivå for helse- og omsorgstenester er førande i tildeling av alle tenester nemnt i del 2.

Føremålet med samla vedtaksmynde er:

- Ivareta innbyggjarane sin rettssikkerheit og sikre likeverdig behandling og tildeling, uavhengig av kor dei er busett i kommunen.
- Fremje profesjonalisering av saksbehandlinga
- Skilje forvaltning og utføring og tydeliggjera kommunen sitt ansvar som forvaltar og tenesteytar.
- Sikre heilskapelege tenester og helskaplige pasientforløp

Søknader om helse- og omsorgstenester blir sendt Tenestekontoret som vidare har ansvar for å kartlegge behov og vurdere kva tenester som bør iverksettast. Tenester blir tildelt med bakgrunn i kartlagt hjelpebehov, lovens vilkår og politisk vedtatt tenestenivå i Vindafjord kommune.

Kartlagt behov vurdert av Tenestekontoret blir formidla til tenesta som saman med Tenestekontoret avgjer kva nivå i omsorgstrappa ein vil nytte, og kva tenester ein vil tilby.. Tenestekontoret skal tilby informasjon om tenesta og bistand ved utfylling av søknader og evt. klagebehandling der det er behov for slik bistand.

Koordinerande eining (KE) er lagt til Tenestekontoret. KE skal bidra til å sikre eit helskaplig og koordinert tilbod til pasientar og brukarar med behov for tenester frå fleire fagområder, nivå og sektorar. Tenestekontoret og tenesteiningane har som mål å utvikle eit godt og effektivt samarbeid som bidrar til at kommunens innbyggjarar får eit helskaplig og individuelt tilpassa tenestetilbod.

Bustadtildeling er også lagt til Tenestekontoret då ein ser nytta av ei helskaplig tilnærming til leigetakerane av kommunal bustad som nærast alltid har oppfølging av helse- og omsorgstenester og/eller NAV.

VILKÅR FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Alle som oppheld seg i Vindafjord kommune har rett til naudsynt helse- og omsorgshjelp. Kommunen skal tilby eller tildele tenester til dei som har behov for det.

Tenestemottakar må også samtykke til å ta i mot hjelp, Vindafjord kommune føretrekk difor bruk av kommunen sitt søknadsskjema der ein også får dokumentert eit skriftleg samtykke.

KVA FORVENTES AV SØKJAR:

- Bruk av kommunen sitt søknadsskjema med skriftleg samtykke til å hente inn relevante opplysningar frå behandlingsansvarlige, offentlige etatar eller pårørande.
- Samarbeid kring tenestetildeling og tiltak.
- Søklar gir beskjed dersom behovet endrar seg eller går over.



KVA KAN SØKJAR FORVENTE AV KOMMUNEN:

- Søknad og personlege opplysningar blir behandla med omsyn til personvern og teieplikt.
- Førespurnad og søknad blir svara på etter forvaltningslova sine reglar, seinast innan fire veker.
- Tenestekontoret tek kontakt med søkjar for vidare kartlegging av tenestebehov.
- Tenester blir primært tildelt ut frå faglig vurdering og forsvarlighet.
- «Kva er viktig for deg» blir vektlagt i tildeling av tenester

OM SAKSBEHANDLINGA

Innkomne søknadar blir behandla etter forvaltningslova. Søknadar kjem som regel til kommunen sitt postmottak som vidare formidlar denne til Tenestekontoret. Saksbehandlinga bli registrert i elektronisk pasientjournal.

Kommunen skal vidare innhente dei opplysningane som er naudsynte for å avgjere saka. Meir konkret informasjon om kartlegging og framskaffing av saksopplysningar er omtalt i neste kapittel. Etter at saka er utreda og informasjon innhenta fattas vedtak.

Kommunen skal behandle saka så snart som mogleg. Dersom saka ikkje kan avgjerast innan éin månad, skal det gis skriftleg beskjed om grunnen til dette og forventta vedtaksdato.

Ved akutt behov for hjelp kan hjelpetiltak verksettast midlertidig inntil søknaden er behandla.

OM VEDTAKET

Tenestekontoret skriv enkeltvedtak.

Vedtaket skal gi svar på søknad, enten i form av tildeling av tenester eller avslag, og det skal være skriftleg.

Vedtaket blir sendt per post, men ein kan få munnleg orientering ved behov.

Ut frå saksopplysningane som ligg føre vil Tenestekontoret vurdere om vilkår for teneste er oppfylt. Vedtaket beskriv vidare kva som ligg til grunn for tildeling av tenesta og i kva omfang og tidsrom tenesta vil bli gitt, samt kven som skal være tenesteytar. Økonomi skal ikkje påverke vedtaket.

Alle vedtak blir revurdert minst ein gong i året, men nokre tenestevedtak blir vurdert fortløpande ettersom pasient/brukar sine behov for bistand kan endre seg. Tenestekontoret undersøker sjølv eller får ei orientering enten frå tenesteytar eller direkte frå tenestemottakar. Endring av behov kan føre til ny kartlegging og nytt enkeltvedtak. Tenesta kan også verta avslutta.

KLAGEADGANG

Informasjon om klageadgang står beskrevet i alle skriftlege vedtak. Klager vedrørende innhaldet i tenestene blir behandla av tenesteytar sin einingsleiar.



1.9 KARTLEGGING OG INNHENTING AV SAKSOPPLYSNINGAR

Foruten innkommen søknad og kartleggingssamtale med søker bruker Tenestekontoret eller tenesta alltid kartleggingsverktøyet IPLOS (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk). Ein innhentar også saksopplysningar frå til dømes fastlege, spesialistehelsetenesta, tenesteytar og pårørande dersom søker gir samtykke til det.

SØKNADSSKJEMA, SAMTYKKE OG KARTLEGGINGSSAMTALE

Tenestekontoret ynskjer at søker bruker kommunen sitt skjema, slik at ein også kan signere for samtykke til framskaffing av saksopplysningar. Skjema er eit viktig ledd i brukarmedverknaden, sidan ein der kan skissere «Kva er viktig for meg?» og peike ut nærmaste pårørande.

I kartleggingssamtale mellom Tenestekontoret og søker vil ein sikre felles forståing for behov og aktuelle tenestetilbod. Kartleggingssamtalen kan skje per telefon dersom ein vurderer at det ikkje er behov for heimebesøk. Heimebesøk er alltid etter avtale, og oftast kjem der to saksbehandlarar.

Kartleggingssamtalen utgår dersom vedkommande er innlagt sjukehus eller institusjon, då går dialogen via tenesteytar, gjerne med pårørande involvert.

IPLOS

IPLOS er et nasjonalt register med data som beskriv ressursar og bistandsbehov til dei som søker om eller mottar kommunale helse- og omsorgstenester. IPLOS-kartlegginga er ein viktig del av kommunen sitt grunnlag for å innfri eller avslå ein søknad om helse- og omsorgstenester. IPLOS registrerast på eige skjema der ein markerar score på ulike funksjonsområder. Scoren baserer seg på behov for bistand/assistanse når det gjeld grunnleggjande *aktiviteter i dagliglivet* (ADL). Alle saker skal behandlast individuelt. IPLOS i seg sjølv er ikkje tilstrekkeleg for å tildele teneste, men er meint som eit av fleire parameter i ei totalvurdering.

E-MELDINGAR

I dag nyttar det offentlege helsevesen seg av elektronisk meldingsutveksling, og Norsk helsenett legg føringar for korleis dette skal gå føre seg.

PLO-meldingar er standardiserte meldingstypar som er utarbeidd for å sikre at tilstrekkeleg og relevant informasjon følgjer pasient ved overføring mellom kommune, fastlege og helseføretak, samt mellom aktørar innåt i kommunehelsetenesta. All kommunikasjon vert lagra i pasient sin elektroniske journal.



DEL 2 TILDELINGSKRITERIER OG TENESTENIVÅ

All tenestetildeling tek utgangspunkt i følgjande;

- Søkjar bur eller oppheld seg i Vindafjord kommune når tenesta skal ytas
- Tenesteytinga er basert på informert samtykke
- Individuelle vurderingar og brukarmedverknad
- Naudsynt og forsvarlig hjelp i høve kartlegging gjort av Tenestekontoret
- Trinnvis utprøving av tiltak og tenester i kommunen si omsorgstrapp

Når kan kommunen avslutte eller endre tenesta?

- Vesentlig endring i helsetilstand
- Tenestemottakar vil ikkje ta i mot eller nyttegjere seg av hjelpa lenger
- Endring av prioritet basert på nytte, alvor og ressursinnsats.

Alle endringar blir gjort i samråd med tenestemottakar og pårørande/verje.

Dei neste kapittel tek føre seg alle dei kommunale tenestene som Tenestekontoret tildeler og saksbehandlar. Kvart kapittel er delt inn i relevante overskrifter. Bruk av overskrifter vil variere noko.

BESKRIVING AV TENESTA

Kort beskriving av føremålet med tenesta og kva eining eller avdeling som er tenesteutøvar.

KRITERIER

Ulike døme på kva som skal til for å få tildelt tenesta

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT PÅ TENESTA

Ulike døme på tilhøve som, isolert sett, ikkje gir rett på tenesta

TENESTENIVÅ

Kort beskriving av norm og omfang på tenestetilbodet

TENESTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

Ulike døme på praktiske tilhøve eller forventningar og ynskje frå kommunen

EIGENBETALING

Kort om kommunen sitt grunnlag for å ta betalt av tenestemottakar

HEIMEL

Lovheimel eller tilsvarande informasjon om kvifor kommunen tilbyr tenesta



2.1 MATOMBRINGING

BESKRIVING AV TENESTA

- Matombringing består av varm middag og dessert levert til heimen i porsjonsbeger, alle dagar. Maten blir produsert ved Ølen Omsorgssenter og Vindafjordtunet sine institusjonskjøkken.

KRITERIER

- Dei som på grunn av sjukdom, alder eller andre årsaker ynskjer matombringing

TENESTENIVÅ

- Middag skal være eit bidrag til variert kosthold og førebygge feilernæring.
- Variert vekemeny med 2 fiskemåltider, utlevering 6 dagar i veka

EIGENBETALING

- Sjå årets takshefte vedteke av kommunestyret.
- Mottakar har ansvar for avbestilling ved endra behov, utkøyrd mat blir fakturert.

HEIMEL

Matombringing er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men kommunen viser likevel til;

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 4-1 første ledd bokstav a.



2.2 TRYGGHETSALARM

BESKRIVING AV TENESTA

- Trygghetsalarm er eit tilbod til heimebuande. Alarmen består av ein heimesentral med eigen sendar. Sendaren er i form av eit smykke eller armband med utløysarknapp. Signalet går frå heimesentralen til responscenteret som svarer på oppkallinga og kan kommunisere via høgtalar på heimesentralen. Responscenteret vidareformidlar behov for hjelp til nærmaste hjelpeperson eller aktuell instans, enten heimesjukepleien eller alarmsentralen til nødnummer 110/112/113. Programmering, montering og opplæring til brukar er heimetenesta sitt ansvar. Dei kan også oppsøke brukar ved behov for hjelp.

KRITERIER

- Ynskje om enkel varsling ved behov for hjelp
- Opplevd utryggheit
- Fare for ulykker eller fall i heimen

TENESTENIVÅ

- Alarmen har avgrensa rekkevidde som må testast i kvar heim
- Alarmen må løysast ut manuelt
- Responscenteret som svarer på oppkallinga er lokalisert i anna kommune
- Næraste pårørande eller andre kan verta nytta som responscenteret sin kontaktperson ved behov for å oppsøke brukar.
- Heimetenesta oppsøker brukar etter mottatt melding frå responscenteret

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Varsle via telefon når mogleg og kun bruke alarm ved behov for akutt hjelp.
- Ha på seg alarmsmykket
- Syte for straum til heimesentralen
- Erstatte trygghetsalarmen ved tap eller øydelegging
- Varsle heimetenesta ved reiser og lengre fråvær eller flytting.
- Varsle heimetenesta dersom ein ynskjer avslutte tenesta.
- Søkjær må tillate montering av nøkkelboks ved hovudinngang/ytterdør, samt skaffe nøkkel som skal oppbevares i nøkkelboksen. Framkommeleg veg og lys ved inngang.

EIGENBETALING

- Sjå årets takshefte vedteke av kommunestyret.

HEIMEL

Trygghetsalarm er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men kommunen viser likevel til

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-5



2.3 STØTTEKONTAKT

BESKRIVING AV TENESTA

- Støttekontakt skal bidra til at tenestemottakar får moglegheit til å ha ei aktiv og meningsfull fritid i fellesskap med andre.
- Tenesta kan organiserast både individuelt og gruppevis.
- Tenesta vert gitt av eining Tilrettelagte tenester, psykisk helse og PLO

KRITERIER

- Søkjar har behov for personbistand og støtte til nettverksbygging, oppleving og eigenaktivitet grunna utviklingshemming eller anna vesentlig utfordring knytt til helse.
- Støttekontakttimer til barn gis berre ved særskilte behov, då det forventast at denne aldersgruppa får naturlig oppfylging av sine føresette.
- Støttekontakttimer til eldre gis berre ved særskilte behov, då det forventast at eige nettverk, frivillige og eventuelle tenester ivaretek behov for aktivitet og sosialisering.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Hjelpebehov som forventast dekkja av foreldre/føresette, søsken, besteforeldre, sambuar/ektefelle, eller andre med nære relasjonar til søker.
- Avlastning for pårørande
- Norskopplæring til flyktningar/innvandrarar.
- Behov for praktisk bistand og transport.
- Heildøgnsomsorg

TENESTENIVÅ

- Normert tid er 3 timar kvar veke.
- Rolla som støttekontakt krev ingen formell kompetanse, men rettleiing og oppfylging blir gitt av fagperson i ansvarlig eining.
- Støttekontakt får dekkja ein fast sum til transport/aktivitet.

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Halde avtalar og gi beskjed ved fråfall
- Sjølv betale for utgifter som ikkje dekkes av oppdragsavtalen
- Støttekontakt skal ikkje utsettast for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling
- Tenestemottakar må betale transport/aktivitet utover det støttekontaktten får dekkja

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b



2.4 AVLASTNING FOR BARN OG UNGE

BESKRIVING AV TENESTA

- Avlastning er eit tilbod til pårørande som har særleg tyngande omsorgsarbeid for born og unge under 18 år som er vesentlig meir krevjande enn pårekneleg.
- Kommunen ynskjer primært at born og unge får tilbod i private heimar hjå familiar der ein vaksen er tilsett som avlastar. Ved tungtvegande årsakar kan avlastning bli gitt på bemanna bufellesskap med heildøgnsbemanning.

KRITERIER

- Omsorgsarbeidet er særleg tyngande i form av psykisk og/eller fysisk belastande omsorgsarbeid som inneberer nattarbeid eller avbrot i nattesøvn, fører til sosial isolasjon og/eller mangel på ferie og fritid.
- Tenesta blir vurdert i samanheng med det totale tilbodet til omsorgsmottakar.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT PÅ TENESTA

- Kortvarig eller forbigåande periode med tyngande omsorgsarbeid
- Tenestemottakar som avslår andre avlastningstiltak

TENESTENIVÅ

- Tilbodet blir individuelt tilpassa den enkeltes behov.
- Tilbodet blir gitt i private heimar eller ved tungtvegande årsakar i bufellesskap.
- Avlastar kan ikkje ha ansvar for omsorgsmottakar meir enn 56 timar samanhengande, forutan i fellesferien. Varighet er regulert av lov og forskrift.
- Døgnopphold inneberer kost/losji.

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Syte for naudsynt utstyr og eventuelt medisinar
- Sjølv betaler for utgifter som ikkje dekkes av oppdragsavtalen
- Nytte tidsrommet for avlastning til eigenomsorg i form av kvile, sosialt samvær med andre, fritidsaktivitetar eller ferie.
- Støtte og motivere omsorgsmottakar til å ta i mot tenester frå kommunen

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-8 og 3-1 andre ledd
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-6 nr. 2.



2.5 PSYKISK HELSETENESTE OG RUSKONSULENT

BESKRIVING AV TENESTA

- **Lågterskeltilbudet til psykisk helse nyttast før ein vurderer tildeling og vedtak**
- Tilbyr behandling, rettleiing, kartlegging, vurdering og oppfølging til personar med psykiske utfordringar og/eller rusproblem. Helsedirektoratet har skissert tre forløp:
 - Milde og kortvarige psykiske helseproblem og rusmiddelproblem
 - Kortvarige, alvorlege problem/lidingar og langvarige milde problem/lidingar
 - Alvorlege og langvarige problem/lidingar
- Tenesta ytes i egne lokalar, i pasientens heim eller andre stadar etter behov.

Eining rus og psykiatri har base i Sandeid og egne lokaler til dagsenter.

KRITERIER

- Psykisk helse sitt lågterskeltilbud vurderer tenesta som hensiktsmessig
- Søkjar meistarar ikkje kvardagen grunna rusmiddelproblematikk og/eller psykiske lidingar
- Søkjar må samtykke til behandlinga

TENESTENIVÅ

- Individuelle samtalar med psykiatrisk sjukepleiar eller anna helsepersonell med relevant kompetanse
- Rettleiing, opplæring og rådgivinga av andre personer rundt pasienten.
- Alvorsgrad og funksjonsnivå avgjer omfanget av behandlinga.

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Holde avtaler og gi beskjed ved fråvær
- Det må vera eit samarbeid mellom brukar og behandlar om kva som er viktig for den einskilde for å nå oppsette mål
- Bidra ut frå egne føresetnad
- Arbeidstakar skal ikkje utsettast for trakassering eller annan utilbørlig framferd jamfør arbeidsmiljølovens § 4-3.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 andre ledd og 4-1.
- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-2 første ledd bokstav a



2.6 DAGSENTER FOR PSYKISK HELSE

BESKRIVING AV TENESTA

- Dagsenteret skal gi tilbod til heimebuande med psykiske utfordringar som har behov for aktivitet og sosial deltaking utover eige nettverk.
- Tilbodet skal bidra til sosial kontakt, personleg vekst og livsglede, og ha fokus på den einskilde sine friske sider.
- Tilbodet blir individuelt tilpassa
- Dagsenter for psykisk helse er lokalisert i eigne lokalar i Sandeid.

KRITERIER

- Søkjar må ha eit behov for å ha fellesskap med andre og meistre å vera i fellesskapet
- Personar som ikkje klarer å ta omsyn til andre menneske kan ikkje bruka dagsenter.
- Ein kan ikkje bruke dagsenteret dersom ein er påverka av alkohol eller andre rusmiddel
- Ein kan ikkje bruka dagsenteret dersom ein har ein valdeleg og/eller truande framferd.
- Søkjar må vere motivert for deltaking.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT PÅ TENESTA

- Redusert funksjonsnivå som krev tett personbistand
- Låg fungering i fellesskap med andre
- Langvarig eller hyppig fråvær
- Oppmøte i ruspåverka tilstand

TENESTENIVÅ

- Dagsenteret er ope 5 dagar i veka
- Oppmodar til eigen transport
- Tenestemottakar kan bli henta av fellestransport
- Tenestemottakar får tilbod om å kjøpa mat

EIGENBETALING

- Sjå årets takshefte vedteke av kommunestyret.

HEIMEL

Dagsenter for psykisk helse er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men kommunen viser til

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 4-1 og 3-3 tredje ledd.



2.7 DAGSENER FOR ELDRE

BESKRIVING AV TENESTA

- Dagsenteret skal gi tilbud til heimebuande eldre med lett funksjonssvikt som har behov for aktivitet og sosial deltaking utover eige nettverk.
- Dagsenteret sitt personal tilrettelegg og tilpassar all aktivitet.
- Det blir lagt vekt på brukar sine ynskjer og mål for dagsentertilbodet.
- Dagtilbodet for eldre held til både ved Ølen Omsorgssenter og Vindafjordtunet.

KRITERIER

- Behovet for dagplass vurderes med utgangspunkt i kartlagt funksjonsnivå (IPLOS).
- Søkjar må kunne meistre å vere i fellesskap med fleire.
- Søkjar må vere motivert for deltaking.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT PÅ TENESTA

- Redusert funksjonsnivå som krev tett personbistand
- Låg fungering i fellesskap med andre
- Langvarig eller hyppig fråvær

TENESTENIVÅ

- Dagsenteret er ope på vekedagar måndag - torsdag.
- Tenestemottakar blir henta av ein fellestransport
- Tenestemottakar får mat.

EIGENBETALING

- Sjå årets takshefte vedteke av kommunestyret.

HEIMEL

Dagsenter for eldre er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men kommunen viser likevel til

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a tredje ledd.
- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 4-1 og 3-3 tredje ledd.



2.8 DAGSETER FOR HEIMEBUANDE PERSONAR MED DEMENS

BESKRIVING AV TENESTA

- Dagsenter for heimebuande personar med demens skal gi tilbod til dei som har behov for spesielt tilrettelagt aktivitet og sosial deltaking utover eige nettverk.
- Tilbodet tek utgangspunkt i vedkommande sine føresetnadar, behov og ynskjer.
- Tenesta omfattar transport tur/retur heim og frukost/middag.

Dagsenter for personer med demens held til ved Vindafjordtunet. Inn på tunet ved Øvregård gard i Imsland er ein del av tilbodet.

KRITERIER

- Søkjar har ein demensdiagnose.
- Søkjar har behov for aktivitet og sosialisering.
- Pårørande treng avlastning.
- Dagplass vurderast med utgangspunkt i kartlagt funksjonsnivå (IPLOS).
- Søkjar må vere motivert for deltaking.
- Søkjar må vere sjølvhjulpen i forflytning, toalett- og måltidssituasjonar.
- Søkjar må kunne meistre å vere i fellesskap med fleire.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT PÅ TENESTA

- Redusert funksjonsnivå som krev tett personbistand
- Lav fungering i fellesskap med andre
- Langvarig eller hyppig fråvær

TENESTENIVÅ

- Dagsenteret er ope 3 dagar i veka
- Dagsenter for heimebuande med demens er eit gruppetilbod med inntil 5 deltakerar.
- Tenestemottakar kan bli henta av ein fellestransport
- Tenestemottakar får eit måltid.

EIGENBETALING

- Sjø årets takshefte vedteke av kommunestyret.

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 7.



2.9 VINDAFJORD ARBEID- OG AKTIVITETSSENTER, GNISTEN

BESKRIVING AV TENESTA

Tenesta er for innbyggjarar over 18 år med psykisk utvikling-/ og eller funksjonshemming og andre grupper med behov for arbeidstrening og sysselsetting på dagtid. Gnisten tek også i mot elevar frå vidaregåande skule som har behov for tilrettelagt praksis.

- «Aktiviteten» har felles songstund og «danse-Lars» tre dagar i veka, samt ei fast gruppe som går tur. Brukerane kan nytte seg av Gnisten sitt eige sanserom og har tilgjengelig velværerom med tak-heis og boblebad.
- «Verkstaden» driv produksjonsretta aktivitet. Dei lager mellom anna tennbriketter, gjerdeklyverar, ulike tre- og tekstilprodukt og makulerer papir.
- «Vaktmeisterteamet» er ein arbeidsretta aktivitet og møteplass for menneske med ulike utfordringar innan rus og/eller psykiatri. Vaktmeisterteamet samarbeider også med NAV arbeidstrening og integreringstenesta i kommunen. Alle brukarar kallas deltakerar. Vaktmeisterteamet tar oppdrag for enten kommune eller privatpersonar; eksempelvis vask av bilar, stell av park-/uteområde i kommunen, vårrydding i hagar og diverse små malingsoppdrag.

KRITERIER

- Søkjar er primært mellom 18-70 år og har behov for sysselsetting, arbeidstrening og tilrettelegging utover det ordinære arbeidsplasser kan gjere.

TENESTENIVÅ

- Tilbodet gis 1-5 dagar i veka basert på individuelle vurderingar i samråd med tenesta som har hovudansvar for brukaren.
- Gnisten har stengt i romjula og 3 veker om sommaren.
- Gnisten har eigen butikk, og sel også varer på lokale marknader og messer.
- Det kan verta gitt motivasjonslønn etter gjeldande retningslinjer

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Syte for transport til og frå Gnisten
- Syte for høveleg arbeidstøy
- Bidra til eit godt arbeidsmiljø
- Respektare Gnisten sin nulltoleranse for mobbing og rus
- Melde fråvær. Langvarig fråvær utan gyldig grunn kan føre til at ein mister plassen.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

Arbeid- og aktivitet er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men kommunen viser likevel til

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 4-1 og 3-3 tredje ledd.



2.10 MILJØARBEID I HEIMEN

BESKRIVING AV TENESTA

- Tenesta er individuelt tilrettelagt og basert på den enkelte brukers føresetnad og evne til å ivareta eigenomsorg. Tenesta skal bidra til at den enkelte bruker får ein trygg og føreseieleg kvardag, med størst mogleg grad av livskvalitet og sjølvstendigheit. Miljøarbeidar skal støtte, rettleie og gi opplæring slik at brukar kan ivareta seg sjølv og eigen heim, samt utføre aktivitetar i dagleglivet.

Tenesta blir gitt av både Eining Tilrettelagde tenester og Eining Rus og psykiatri.

KRITERIER

- Søkjar treng personbistand til planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål, reinhald, økonomistyring, innkjøp, personleg stell og sosiale aktivitetar grunna sjukdom, skade, kjent liding eller redusert funksjonsevne.
- Heimen er forsøkt tilrettelagt med hjelpemidler

TENESTENIVÅ

- Frekvens og lengde på tenesteoppdrag blir individuelt vurdert og tilpassa i høve til behov.

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Holde avtaler og gi beskjed ved fråvær
- Bidra ut frå eigen føresetnad
- Ikkje utsette tilsette for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3 krav til det psykososiale arbeidssmiljø

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a og 3-1 første ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b.



2.11 PRAKTISK BISTAND HEIMEHJELP

BESKRIVING AV TENESTA

- Praktisk bistand heimehjelp er regelmessig reingjering og praktisk hjelp som skal bidra til at eldre, menneske med funksjonsnedsetting og andre med behov for det skal kunne bu heime så lenge som mogleg.

Tenesta blir gitt av eininga som har hovudansvar for brukaren, eller av PLO.

KRITERIER

- Søkjar klarer ikkje utføre praktiske gjeremål sjølv, og er heilt eller delvis avhengig av hjelp grunna funksjonsnedsetting, sjukdom eller andre årsakar.
- Behovet kan ikkje dekkast ved hjelp av hjelpemiddel og tilrettelegging i heimen.
- Søkjar kan ikkje nytte seg av private tenestetilbod, andre i husstanden eller andre i eige nettverk

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Behov for sosial kontakt.
- Husstandsmedlem som ikkje vil eller pleier gjere husarbeid.
- Søkjar har redusert standard eller auka tidsbruk på reingjeringa.

TENESTENIVÅ

- Reingjering av rom i daglig bruk med moglegheit for støvsuging, golvvask samt vask av overflater på kjøkken og 1 bad.
- Det kan gis hjelp til andre oppgåver som sengeskiift, støvtørk, klesvask i maskin, enkel oppvask og bestilling/handling av matvarer.
- Det blir ikkje gitt tenestar på høgtidsdagar og oppdrag kan utgå dagar ein har redusert bemanning.

TENESTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Sørge for å ha naudsynt utstyr som er lett å bruke og reingjere.
- Tilretteleggje heimen slik at tenesta kan utførast på ein forsvarlig måte, jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-4.
- Unngå røyking medan heimetenesta er på besøk og lufte godt i forkant av avtalte besøk. Hunder og andre husdyr skal holdas avskilt frå tilsette.
- Rydde snø og strø privat vei, slik at veien er farbar.
- Ikkje utsette tilsette for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3 krav til det psykososiale arbeidssmiljø

EIGENBETALING

- Sjå årets takshefte vedteke av kommunestyret.

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b.



2.12 FYSIOTERAPITENESTA

BESKRIVING AV TENESTA

- Fysioterapitenesta er eit kommunalt tilbod som tilbyr tenester til barn og unge, personar med samansette problemstillingar, samt eldre i og utanfor institusjon.
- Andre med behov for fysioterapi tilvisast oftast til private fysioterapeutar med driftstilskot i kommunen.
- Tenesta ytes både i heim, institusjon, barnehage og skule i tillegg til hos fysioterapeut.
- I tenesta inngår kvardagsrehabilitering som er ei tidsavgrensa og tverrfaglig rehabiliteringstilbod i heimen.

KRITERER

- Søkjar har behov for behandling/oppfølging for å betre eller oppretthalde sitt funksjonsnivå.

TENESTENIVÅ

- Individuell og gruppebasert behandling.
- Helsefremjande og førebyggjande tiltak som bør være målretta og tidsavgrensa.
- Deltaking i tverrfaglig samarbeid kommunalt og interkommunalt, samt spesialisthelsetenesta.
- Bistand ved søknad om hjelpemiddel og tilpassing av bustad
- Rettleiing og opplæring av assistentar, pårørande og personale rundt brukar.

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Holde avtaler og gi beskjed ved fråvær
- Bidra ut frå eigen føresetnad
- Ikkje utsette tilsette for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3 krav til det psykososiale arbeidssmiljø

EIGENBETALING

- Alle pasientar som mottok fysioterapibehandling utanfor institusjon må betale eigenandel etter gjeldande takstar. Unntaket er born under 16 år og yrkesskadde. Desse har rett på full refusjon.
- Når ein oppnår maksimalsummen for eigenandelstak 2 (kr 2176,- for 2020) slepp ein å betale eigenandel vidare ut året.
- Dersom en pasient ikkje møter til time, blir det likevel krevd eigenandelstakst for timen.
- Vurdering, søknad og opplæring av hjelpemidler, arbeid med tilrettelegging av bolig og kvardagsrehabilitering er gratis.

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstenesteloven §§ 3-1 og 3-2 andre ledd.



2.13 ERGOTERAPITENESTA

BESKRIVING AV TENESTA

- Ergoterapeut yt bistand til mennesker som av ulike grunner har vansker med å gjennomføre og mestre dagliglivet sine gjeremål. Føremålet er at den enkelte skal bli mest mulig sjølvhjulpen, aktiv i kvardagen og førebyggje funksjonsnedsetting.
- Tenesta ytes både i private heimar og på institusjon.
- I tenesta inngår kvardagsrehabilitering som er eit tidsavgrensa, tverrfaglig rehabiliteringstilbod i heimen.

KRITERIER

- Søkjar har en midlertidig eller varig nedsett funksjonsevne i høve aktivitetar i dagliglivet.

TENESTENIVÅ

- Tilrettelegging med tekniske hjelpemiddel for å kompensere tapt funksjon.
- Bistand ved søknad om hjelpemiddel og tilrettelegging av eigen heim
- Rettleiing og opplæring av assistentar, pårørande og personale rundt bruker.
- Deltaking i tverrfaglig samarbeid kommunalt, interkommunalt og med spesialisthelsetenesta.

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Holde avtaler og gi beskjed ved fråvær
- Bidra ut frå eigen føresetnad
- Ikkje utsette tilsette for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3 krav til det psykososiale arbeidssmiljø

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstenesteloven §§ 3-1 og 3-2 andre ledd.



2.14 KVARDAGSREHABILITERING

BESKRIVING AV TENESTA

- Kvardagsrehabilitering skal bidra til at heimebuande med funksjonsfall får strukturert støtte og oppfølging til å mestre kvardagslige aktiviteter og forsøke gjenvinne tapte funksjonar
- Tenesta tek utgangspunkt i «Kva er viktig for deg?».

KRITERIER

- Søkjar har hatt eit funksjonsfall og vil ha nytte av tverrfaglig rehabilitering for å kunne mestre kvardagsaktivitet i eigen heim eller nærmiljø
- Søkjar må være motivert for å gjere ein innsats for å gjenvinne mestring inn mot egendefinerte mål.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Alvorlig sjukdom, liding eller funksjonssvikt der fagteamet vurderer at det er lite potensiale for rehabilitering

TENESTENIVÅ

- Tverrfaglig team bestående av fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar
- Tidsavgrensa rehabiliteringstilbod med oppfølging i minst fire veker vurdert i høve måloppnåing

TENESTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Bidrar ut frå eigen føresetnad og arbeide mot oppsette mål.
- Vere førebudd avtalte besøk
- Godta tilrettelegging av heimen slik at tilsette kan utføre tenesta på ein forsvarlig måte, jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-4 krav til det fysiske arbeidsmiljø.
- Ikkje utsette tilsette for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3 krav til det psykososiale arbeidssmiljø
- Hundar og andre husdyr skal haldas avskilt frå dei tilsette.
- Unngå røyking medan teamet er på besøk og lufte godt i forkant av avtalte besøk.
- Sørge for utvendig lys ved inngangsparti
- Sørge for egna parkeringsplass og at privat vei er farbar vinterstid.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a



2.1.5 HELSETENESTER I HEIMEN (HEIMESJUKEPLEIE)

BESKRIVING AV TENESTA

- Heimesjukepleie skal førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding eller nedsett funksjonsevne.
- Følgande kan verta rekna som naudsynt helsehjelp:
 - Råd og rettleiing i forbindelse med sjukdom og førebygging av komplikasjonar
 - Opplæring og vedlikehald av ferdigheter for å ta vare på eiga helse.
 - Tilrettelegging og hjelp til personlig hygiene, ernæring, aktivitet, kvile, legemiddelhandtering, medisinsk utstyr og lindring av symptom.
 - Samhandling med fastlege og spesialisthelseteneste.
 - Støtte og rettleiing til pårørande

Heimesjukepleie i Vindafjord kommune er delt i to soner;

- Indre Sone som i utgangspunkt gir tenester til bygdene Bjoa, Ølensvåg, Ølen, Sandeid, Vikedal og Imsland. Basen ligg i Ølen.
- Ytre Sone som i utgangspunktet gir tenester til bygdene Vats, Skjold og Vikebygd. Basen ligg i Nedre Vats.

KRITERIER

- Søkjar har vesentlig behov for helsehjelp utover det dei sjølv, pårørande og fastlegekontor kan klare følgje opp.
- Søkjar kan ikkje oppsøke eller tilkalle helsehjelp på grunn av sjukdom, skade, liding eller nedsett funksjonsnivå.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT PÅ TENESTA

- Søkjar kan sjølv oppsøke legekontor for tilstrekkelig helsehjelp
- Søkjar er utan vesentlig svikt og har ikkje behov for helsefaglig oppfølging
- Søkjar kan få dekkja sine behov ved bruk av alminnelege, private teneste- og servicetilbod i nærmiljøet

TENESTENIVÅ

- Tenesteyting føregår i tenestemottakar sin heim etter avtale mellom tenestemottakar og tenesteutøvar. Annan tenesteyting blir administrert frå base eller per telefon.
- Heimesjukepleien har heildøgnbemanning året rundt, men reduserer bemanning og prioriterer oppdrag annleis på helg og høgtidsdagar.
- Tilbodet er individuelt tilrettelagt og basert på den enkelte pasient sin føresetnad og evne til å ivareta eigenomsorg.
- Heimesjukepleie blir tildelt pasientar i alle aldrar

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Godta tilrettelegging av heimen slik at tilsette kan utføre tenesta på ein forsvarlig måte, jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-4 krav til det fysiske arbeidsmiljø.
- Ikkje utsette tilsette for trakassering eller annan utilbørlig framferd jfr. Arbeidsmiljølovens § 4-3 krav til det psykososiale arbeidssmiljø



- Hundar og andre husdyr skal haldast avskilt frå dei tilsette.
- Unngå røyking medan heimetenesta er på besøk og lufte godt i forkant av avtalte besøk.
- Legge til rette for, og samarbeide om brannvern
- Låse opp til avtalt besøk eller sørge for at tenesta har enkel tilgang til bustaden.
- Sørge for utvendig lys ved inngangsparti
- Sørge for egna parkeringsplass og at privat vei er farbar vinterstid.
- Sørge for tilstrekkelig utstyr til personleg stell og pleie.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling
- Tenestemottakar må sjølv betale eigenandel for legemiddel og medisinsk forbruksmateriell

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a.



2.16 AVLASTNINGSTILTAK FOR VAKSNE OG ELDRE

BESKRIVING AV TILTAKA

- Avlastningstiltak kan bli gitt i form av tenester til omsorgsmottakar;
 - Praktisk bistand
 - Heimeteneste
 - Aktivitet/dagtilbod
 - Korttidsopphold på institusjon eller bufellesskap med eller utan fast rulling

KRITERIER

- Søkjar har belastande omsorgsoppgåver utover det som kan forventast.
- Omsorgsoppgåvene er psykisk og/eller fysisk belastande, inneberer nattarbeid eller avbrot i nattesøvn, fører til sosial isolasjon og/eller mangel på ferie og fritid.
- Søkjar har redusert kapasitet og omsorgsevne grunna eigen helsetilstand eller sjukdomstilfelle.

TENESTENIVÅ

- Beskrive under dei aktuelle tenestetilbod.
- Frekens og varighet vil variere i høve behovet.

TENESTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Nytte tidsrommet for avlastning til eigenomsorg i form av kvile, sosialt samvær med andre, fritidsaktivitetar eller ferie.
- Støtte og motivere omsorgsmottakar til å ta i mot tenester frå kommunen

EIGENBETALING

- Søkjar betaler ingen eigenandel, men omsorgsmottakar betaler for sine tenester.

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 2-8.
- Helse og omsorgstenesteloven § 3-6 nr. 2



2.17 KORTTID-/REHABILITERINGSOPPHOLD PÅ SJUKEHEIM

BESKRIVING AV TENESTA

- Korttidsopphold er tidsavgrensa opphald i institusjon til personer som for ein kortare periode har omfattande behov for helse og omsorgstenester, pleie- og omsorg, utgreiing eller vurdering av tilstand og funksjonsnivå.
- Rehabiliteringsopphold er for dei som har behov for tverrfaglige, koordinerte tenestar for å forbetre eller vedlikehalde sitt funksjonsnivå og oppleving av sjølvstendighet og meistring.

Ølen omsorgssenter har eigen korttid-/rehabiliteringsavdeling. Utgreiingsopphald med hovudfokus på kognitiv funksjon kan bli gitt i demensomsorga ved Vindafjordtunet. Rullerande korttidsopphold blir gitt der kommunen vurderer det som best egna, enten på Vindafjordtunet eller Ølen omsorgssenter.

KRITERIER

- Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus med behov for heildøgnsopphold til rehabilitering, utgreiing eller pleie og omsorg i ein kortare periode.
- Heimebuande som etter legekonsultasjon eller søknad meldes med behov for heildøgnsopphold til rehabilitering, utgreiing eller pleie og omsorg i ein kortare periode
- Pasientar der lågare omsorgsnivå er utprøvd og vurdert utilstrekkelig eller uforsvarlig grunna behov for meir kompetanse eller ressursar enn kommunen kan prioritere.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Mangel på samarbeid eller mangel på tilrettelegging i heimen
- Ikkje vurdert eller ikkje forsøkt gitt hjelp eller kartlegging på eit lågare omsorgsnivå. Vurdering og kartlegging av kognitiv svikt skal helst gjerast i kjente omgivelser.
- Faglege vurderingar som tilseier at pasienten kan få forsvarlig og nødvendig helsehjelp på eit lågare omsorgsnivå

TENESTENIVÅ

- Sjukeheimane har heildøgnsbemanning og skal ha forsvarlig fagdekning.
- Tilbodet er individuelt tilrettelagt og baserast på den enkelte pasient sin føresetnad og evne til å ivareta eigenomsorg ved innlegging
- Pasienten får individuell observasjon, pleie, behandling og rettleiing der målet er å være mest mogleg sjølvhjulpen etter utskrivning
- Pasienten får individuelt tilpassa tverrfaglig oppfølging
- Pasienten skal oppleve ro, ha eit skjerma privatliv og kunne ta i mot besøk.
- Avdelinga gir palliativ pleie og omsorg i livets slutfase.
- Avdelinga vektlegg brukarmedverknad og pårørandeinvolvering. Ein arbeidast med "kva er viktig for deg" prinsippet.
- Avdelinga syt for mat, medisinar og medisinsk forbruksmateriell.
- Pårørande tek ansvar for følgje av pasient til kontroll/ oppfølging hjå spesialist, sjukehus eller tannlege.
- Pårørande syt for klesvask og innkjøp av personlege hygieneartiklar.



TENESTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Bidra med eigeninnsats og medverke til behandlingsplan og pårørandeinvolvering.
- Ha med høveleg fottøy og passelige klede, samt syte for klesvask.
- Passe på lause eigendeler. Merk gjerne med namn og sørg for riktig oppbevaring
- Verdisaker og pengar bør bli heime. Tap av verdier dekkes ikkje av institusjonen.
- Legge til rette for eventuelle hjelpemiddel og helsetenester i heimen etter utskriving

EIGENBETALING

- Forskrift om egenbetaling av kommunale helse- og omsorgstjenester §§ 3 og 4.
 - Etter 60 døgn i same kalenderår har kommunen anledning til å berekne vederlag som ved langtidsopphold.
- Eigenandel pasientreiser

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a
- Helse og omsorgstjenesteloven §3-2 første ledd nr. 6 bokstav c.
- Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester § 4



2.18 LANGTIDSOPPHALD SJUKEHEIM

BESKRIVING AV TENESTA

Pasientar som vert vurdert ha varig behov for heildøgnsomsorg får langtidsopphold enten ved Ølen omsorgssenter eller Vindafjordtunet i Nedre Vats. Pasientar med demensdiagnoser og behov for skjerming blir fortrinnsvis tildelt plass på Vindafjordtunet. Målgruppa for langtidsopphold er først og fremst eldre.

KRITERIER

- Pasient har samansette diagnosar med stort behov for medisinsk oppfølging
- Pasient har eit omfattande behov for helse- og omsorgstenester
- Pasient har nedsett evne til eigenomsorg og buevne grunna langtkomen svikt i kognitiv funksjon, funksjonshemming, psykisk eller fysisk sjukdom.
- Behovet kan ikkje dekkast på forsvarlig nivå i eigen heim sjølv om hjelpa er forsøkt auka opp
- Hjelpebehovet er forventa å vedvara

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Manglande utprøving i tråd med § 4-1 i Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagt for heildøgns tenester – ventelister og kriterier, Vindafjord kommune, Rogaland

TENESTENIVÅ

- Institusjonen har eige informasjonshefte

EIGENBETALING

- Pasienten betaler for opphald etter forskrift.
- Pasienten må ha eigen forsikring av innbu.
- Pasienten må sjølv betale for eigne klede og sko samt forbruksmateriell utover det institusjonen tilbyr.

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 e og 3-1 andre ledd.
- Helse og omsorgstenesteloven §§ 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og 3-2 a.
- Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester § 3
- Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagt for heildøgns tenester – ventelister og kriterier, Vindafjord kommune, Rogaland § 4-3.



2.19 BUFELLESSKAP MED HEILDØGNSBEMANNING

BESKRIVING AV TENESTA

- Bufellesskapa har heildøgns bemanning som gir eit heilskaplig tenestetilbod som er tilpassa bebuarar med omfattande behov for helse- og omsorgstenester
- All tenesteyting er individuelt vurdert og vert tildelt ut frå den einskilde sitt behov.

Personar med psykisk utviklingshemming kan bli leigetakar på Seljebakken i Ølen som har 4 bustadar, eller på Bufellesskapet i Sandeid som har 6 bustad. Personar med psykisk utviklingshemming kan også eige leilighet i burettslaget Sandeidtun i Sandeid som har 5 leiligheter.

Personar med alvorlig psykisk sjukdom kan bli leigetakar på Hauatunet i Ølen som har 8 bustader.

KRITERIER

- Eige søknadsskjema
- Søkjar er vanskelegstilt på bustadmarknaden
- Søkjar har relevante diagnoser og behov for helse- og omsorgstenester av eit visst omfang
- Kartlegginga må konkludere med at søkjar kan fungere og ha nytte av tenestetilbodet i det aktuelle bufellesskap

TENESTENIVÅ

- Bebuar er leigetakar, og butilhøve er regulert av husleigekontrakt.
- Bufellesskapa legg til rette for sosialt samvær i samråd med bebuarane utifrå deira behov
- Fellesareal blir reingjort av kommunen.
- Kommunale bustadar blir vedlikehaldne av kommunen.
- All aktuell tenesteyting er individuelt vurdert i høve behovet til den einskilde og vert tildelt etter gjeldande kriterier.

TENSTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Betaling av husleige, straum og andre utgifter til hushald
- Forsikring av innbu
- Innreiing av eigen bustad
- Reingjering av eigen bustad
- Bidra til eit godt bumiljø

EIGENBETALING

- Leigetakerar betaler husleige regulert av husleigekontrakt.
- Eigenandel for betalande tenester

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b og 3-7.



2.20 OMSORGSBUSTAD VED VINDAFJORDTUNET

BESKRIVING AV TENESTA

- Omsorgsbustadane på Vindafjordtunet legg til rette for eit heilskaplig helse- og omsorgstenestetilbod til eldre som har behov for både omsorgsbustad, heimesjukepleie, praktisk bistand og dagsenter
- 25 bustadar er fordelt på 4 fløyar og to nivå. Kvart nivå har felles vaskeri og søppelrom disponert av heimesjukepleien. Fløyane har ei daglegståve i kvar ende, desse blir brukt til ulike formål.
- Omsorgsbustadane har same brannvarslingssystem som institusjonen og sikrar difor raskare hjelp ved fare for brann samanlikna med andre omsorgsbustadar.
- Heimesjukepleien har eigen base ved omsorgsbustadane

KRITERIER

- Eige søknadsskjema
- Søkjar er vanskelegstilt på bustadmarknaden
- Behov for helse- og omsorgstenester av eit visst omfang
- Lågare omsorgsnivå er vurdert eller utprøvd

TENESTENIVÅ

- Bebuar er leigetakar, og butilhøve er regulert av husleigekontrakt.
- Bufellesskapa legg til rette for sosialt samvær i samråd med bebruarane utifrå deira behov
- Fellesareal blir reingjort av kommunen.
- Kommunale bustadar blir vedlikehaldne av kommunen.
- All aktuell tenesteyting er individuelt vurdert i høve behovet til den einskilde og vert tildelt etter gjeldande kriterier
- Pasienten er leigetakar, og butilhøve er regulert av husleigekontrakt.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Søkjar kan få naudsynte helse- og omsorgstenester på eit lågare omsorgsnivå

TENSTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Betaling av husleige, straum og andre utgifter til hushald
- Forsikring av innbu
- Innreiing og reingjering av eigen bustad

EIGENBETALING

- Husleige regulert i husleigekontrakt
- Eigenbetaling i høve til taksthefte som blir årlig regulert av kommunestyret.

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven §§ 3-7



2.21 MIDLERTIDIG OMSORGSBUSTAD

BESKRIVING AV TENESTA

- Omsorgsbustadar har bad, stove/kjøkken og 1 soverom tilpassa for rørslehemma.
- Tenesteyting blir individuelt vurdert og tildelt etter den einskilde sitt behov

Kommunen har totalt 5 midlertidige omsorgsbustadar

- 2 på Ølen omsorgssenter i 1.etg
- 2 på Vindafjordtunet i same etasje som dei permanente omsorgsbustadane
- 1 på Sandeidtun

KRITERIER

- Tenestemottakar har behov for tilrettelagt bustad i ein periode
- Tenestemottakar har behov for helse- og omsorgstenester av eit visst omfang
- Kartlegginga må konkludere med at søkjar kan fungere i den aktuelle bustaden

TENESTENIVÅ

- Bustaden er enkelt møblert.
- Tenestemottakar må syte for tilstrekkelig reingjering, også ved utflytting.
- Individuell oppfølging og rettleiing i høve målsetting for opphaldet

EIGENBETALING

- Døgnpris basert på makspris for månedleg husleige

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1a, 2-8 og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven §§ 3-7 og 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a



2.22 KOMMUNALE BUSTADER

BESKRIVING AV TENESTA

- Kommunal bustad vert tildelt personar som er vanskelegstilt på bustadmarknaden.
- Personer som er i akutt bustadmangel kan via NAV bli tildelt midlertidig bustad. Det skrivas kontrakt direkte mellom NAV og leigetakar.
- Søknad om bustad har eige søknadsskjema.
- Søknaden blir behandla av ei administrativ tildelingsnemd der dei ulike tenestene er representert.
- Søkjar til kommunal omsorgsbustad kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er ledige bustadar ved tildeling.

KRITERIER

- Med vanskeligstilte på bustadmarknaden meinas personar som trenger hjelp til å skaffe seg bustad på grunn av dårlig økonomi, nedsett funksjonsevne, helsemessige eller sosiale problem, dårlig kunnskap om den norske bustadmarknaden eller liknande tilhøve.
- Må ha fylt 18 år og ha lovleg opphald i Noreg med bustadadresse i Vindafjord dei siste 6 månadar, eller ha nær familie som oppfyller kravet til butid i kommunen.
- Er utan eigna bustad
- Har behov for endring av noverande butilhøve på grunn av helsemessige eller sosiale årsaker.
- Bur i ein bustad som er erklært helsefarleg.
- I tillegg gjeld for kommunal omsorgsbustad:
 - Har nedsett funksjonsevne
 - Har behov for helse- og omsorgstjenester av eit visst omfang
 - Har behov for spesielt tilrettelagt bustad for å kunne meistre større delar av kvardagen på eiga hand.

TENSTEMOTTAKAR SITT ANSVAR

- Betaling av husleige, straum og utgifter knytt til hushaldet
- Forsikring av innbu
- Innreiing av eigen bustad
- Reingjering av eigen bustad
- Bidra til eit godt bumiljø
- Eigenandel for betalande tenester

EIGENBETALING

- Regulert av husleigekontrakt

HEIMEL

- Husleieloven § 11-1
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-7



2.23 OMSORGSSTØNAD

BESKRIVING AV TENESTA.

- Omsorgsstønad er ei økonomisk godtgjering til personer som har eit særlig tyngende omsorgsarbeid og som utfører naudsynte omsorgsoppgaver, jfr. Lov om helse – og omsorgstenester.
- Omsorgsstønad tek ikkje sikte på betaling for kvar time med arbeid og summen blir vurdert opp mot sats for hjelpestønad frå NAV og andre hjelpetiltak frå kommunen.
- Tilbodet blir kartlagt individuelt og må visast som den beste løysninga for både omsorgsmottakar og omsorgsyttar.

KRITERIER

- Søkjar må ha eit særlig tyngende omsorgsarbeid over tid, der det blant annet vektleggast om:
 - omsorgsarbeidet er meir fysisk eller psykisk belastende enn vanlig
 - omsorgsarbeidet skjer på natt eller gir avbrot i nattesøvn
 - omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på fritid
- Omsorgsmottakar ville hatt behov for helse- og omsorgstenester frå kommunen
- Kommunen vurderer at hjelp frå søker er det beste alternativet for omsorgsmottakar.
- Det skal være søkt om hjelpestønad frå NAV.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL OMSORGSSTØNAD

- Kortvarig eller forbigåande periode med tyngende omsorgsarbeid
- Omsorgsarbeid som overgår kommunen sitt ansvar og tenestenivå

TENESTENIVÅ

- Reelle timar omsorgsarbeid blir brøkdelt i høve type omsorgsarbeid og deretter summert opp som grunnlag for omsorgsstønad
- Timessats for omsorgsstønad tilsvarar minsteløn.
- Kvalitet på tenesta blir i høve omsorgsyttar si omsorgsevne

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Melde frå til tenestekontoret dersom det er behov for bistand frå tenestene
- Motivere omsorgsmottakar til å ta i mot tenester frå kommunen

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-8 og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-6 nr. 3.



2.24 BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE

BESKRIVING AV TENESTA

- BPA er ein brukarstyrt organisering av tenestene praktisk bistand og opplæring. Dette omfattar hjelp til alle dagliglivets praktiske gjeremål i heimen og i tilknytning til husholdningen, for eksempel innkjøp, matlaging, vask av klær og bustad, ivareta personlig hygiene osv. Videre kan tenesta bistå med assistanse til å leve eit aktivt liv i fellesskap med andre.

KRITERIER

- Søkjar har tenestebehov på over 25 timer per uke.
- Søkjar reknas ha langvarig behov, med dette meines varighet over 2 år.
- Kommunen vurderer at BPA-ordninga dekker behova for helse- og omsorgstenester
- Søkjar må kunne påta seg ansvaret som arbeidsleiar. Dersom søkjar på grunn av ung alder, redusert kognitive funksjon eller liknande, ikkje kan ta ansvar for arbeidsleiarrolla, må den kunne ivaretas av andre som kommunen godkjenner.
- Søkjar som fell utanfor fastsette kriterier har også rett til å få sitt tenestetilbod vurdert organisert som BPA. Moment som vert vektlagt i den vurderinga er mellom anna om BPA vil gi søkjar moglegheiten til studier, arbeidsdeltaking, aktivitet eller på anna vis må antas å bidra vesentlig til brukar sin livskvalitet.

TILHØVE SOM IKKJE GIR RETT TIL TENESTA

- Brukerar med tenestebehov på minst 25 timar per veke har rett til å få tenester organisert som brukarstyrt personlig assistanse, med mindre kommunen kan dokumentere at slik organisering vil medføre vesentlig auke i kostnad.

TENESTENIVÅ

- Omfanget av tenester blir vurdert i høve kommunen sine tildelingskriterier og tenestenivå
- Kvalitet og effekt av tenesta heng saman med brukar sine målsettingar og gjennomføringsevne

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Arbeidsleiar må tilpasse seg vedtaket si ramme, kommunen sin arbeidsleiaravtale og gjeldande lov- og avtaleverk.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling for BPA-organiseringa
- Det skal betalast eigenandel for det som reknast som praktisk bistand og er spesifisert i vedtaket

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 bokstav d og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-8.



2.25 KOORDINATOR OG ANSVARSGRUPPER

BESKRIVING AV TENESTA.

- For pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven, skal kommunen tilby koordinator. Dette gjeld uavhengig av om pasienten eller brukaren ynskjer individuell plan.
- Koordinator blir oppnemnd av koordinerande eining, fortrinnsvis i samråd med tenestemottakar.
- Koordinator skal sikre oppfølging av den enkelte pasient eller bruker. Koordinator skal også sikre samordning av tenestetilbudet og fremdrift i arbeidet med ein evnetuell individuell plan.
- Ei ansvarsgruppe er ei tverrfaglig samansatt gruppe som består av bruker/føresette/pårørende (avhengig av alder, modenhet og kognitiv funksjonsevne) og aktuelle fagpersoner. Ansvarsgrupper kan opprettes inn mot enkeltpersonars behov eller rundt ein heil familie.

KRITERIER

- Behov for langvarige og koordinerte tenester frå kommunen og/eller spesialisthelsetenesta.
- Behov for avklaring av ansvarstilhøve, tenester, ressurser og mål.

TENESTENIVÅ

- Initiativet til å opprette ansvarsgruppe kan komme frå tenesteyter, tenestemottakar eller pårørende.
- Koordinator tilpassar kontakt og møtepunkt i høve behovet for koordinering

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Delta aktivt i utarbeiding av mål og tiltak.
- Følge opp mål og tiltak som vert fastsett av ansvarsgruppa.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2.



2.26 KREFTKOORDINATOR

BESKRIVING AV TENESTA.

- Kreftkoordinator skal sikre oppfølging og støtte til den enkelte kreftpasient og deira pårørende. Koordinator skal også sikre samordning av tenestetilbudet og fremdrift i arbeidet med ein eventuell individuell plan.
- Kreftkoordinatorane samhandlar nært med spesialisthelsetenesta og har ansvar for å samordne tilbod og tenester til kreftpasientar samt bidra til gode rutinar og system for kreftomsorg i kommune

KRITERIER

- Kreftdiagnose og behandlingsforløp med behov for koordinerte tenester frå kommune og/eller spesialisthelsetenesta.
- Behov for avklaring av ansvarstilhøve, tenester, ressursar og mål.

TENESTENIVÅ

- Initiativet til å opprette koordinator eller ansvarsgruppe kan komme frå tenesteyter, tenestemottakar eller pårørende.
- Koordinator tilpassar kontakt og møtepunkt i høve behovet for koordinering

TENESTEMOTTAKARS ANSVAR

- Delta aktivt i utarbeiding av mål og tiltak.
- Følge opp mål og tiltak som vert fastsett av ansvarsgruppa.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven §§ 4-1 og 7-2.



2.27 INDIVIDUELL PLAN

BESKRIVING AV TENESTA

- Individuell plan er et verktøy og en metode for samarbeid mellom tenestemottakar og dei ulike tenesteyterane. Tenestemottakars mål skal være utgangspunkt for den individuelle planen og må sjølv delta aktivt i utarbeidinga. Pårørende skal gis anledning til å medvirke i den grad tenestemottakar ynsker dette. Planen skal oppdaterast kontinuerlig og være et dynamisk verktøy.

KRITERIER

- Behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester frå kommunen og/eller spesialisthelseteneste.
- Tildelt koordinator

TENESTENIVÅ

- Koordinator oppretter ansvarsgruppe som utarbeider og følger opp den individuelle planen i samarbeidsmøter.
- Individuell plan blir revidert ved behov eller minst ein gong i året.

EIGENBETALING

- Ingen eigenbetaling

HEIMEL

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a, 2-5 og 3-1 andre ledd.
- Helse- og omsorgstenesteloven §§ 7-1 og 7-2.



2.28 ANDRE RELEVANTE TENESTER

Desse tenestene blir ikkje saksbehandla av Tenestekontoret.

HJELPESTØNAD

Dersom du treng langvarig, privat pleie og tilsyn på grunn av ein sjukdom, skade eller medfødd funksjonshemming, kan du ha rett til hjelpestønad frå NAV.

HUKOMMELSETEAM

Kartlegging og utredning av heimebuande med kognitiv svikt eller symptom på demens. Pasient blir tilvist enten av fastlege eller tenesteutøvar. Ein kan også ta kontakt utan tilvising.

HØRSEL ELLER SYNSKONTAKT

Bestilling og tilpassing av hjelpemiddel for høyrsel eller syn. Pasient blir tilvist av fastlege, tek direkte kontakt sjølv eller via heimetenesta/Tenestekontoret.

LAVTERSKELTILBOD PSYKISK HELSE

Pasient eller lege kan ta direkte kontakt med psykisk helseteneste i kommunen som fortløpande vurderer vidare oppfølging.

LEDSAGERBEVIS

Kulturtilbod eller liknande som gir redusert pris eller gratis inngong til ledsager. Service- og fellestenester er saksbehandlar i kommunen.

PARKERINGSKORT FOR RØRSLHEMMA

Basert på forskrift kan rørslehemma få parkeringskort som gir dei rett å nytte seg av merka parkeringsplasser. Service- og fellestenester er saksbehandlar i kommunen

TT-KORT (TILRETTELAGT TRANSPORT)

Tilrettelagt transport er eit tilbod om alternativ transport for personar som på grunn av nedsett funksjonsevne eller sjukdom, ikkje kan bruke kollektivtransport. Det er ingen lovfesta rett til TT-tjenester. Fylkeskommunen er saksbehandlar.

ØH-HJELP

Alle kommunar skal ha eit døgntilbod for øyeblikkelig hjelp, gjerne kalla KØHD eller KAD-senger. Vindafjord kommune har avtale med Tysvær kommune som har sengeplassar til dette formålet på Tysværtunet i Aksdal. KØHD-senger er eit alternativ til sjukehusinnlegging og målgruppa er pasientar med avklarte diagnoser som har behov for behandling utover det lege og heimetenesta kan finne forsvarlig. Opphaldet skal helst være kortare enn 72 timar. Det er kun lege som kan tilvise plass.